



Til Hordaland Fylkeskommune
v/Jomar Ragnhildstveit
jomar.ragnhildstveit@hfk.no

Deres ref.:
2014/204-17

Vår ref.:
Handbokprosjektet 2014

Dato:
01.11.2016

Oppmoding om utbetaling av tilskot - Rapportering

Vi viser til dykkar tilsegnsbrev 6. juni 2014 – dykkar ref 2014/204-17 - for tilskot til prosjektet Handbok i praktisk hjorteforvaltning. Prosjektet er under leiing av Stiftelsen Norsk Hjortesenter som samarbeider med m.a. Bioforsk og NINA om dette prosjektet, og er eit fleirårig prosjekt.

Vi har bytta prosjektleiar då tidlegare prosjektleiar Stein Joar Hegland har slutta hjå Norsk Hjortesenter. I den samanheng har vi diverre ikkje heilt klart å fylgje opp tilskotssøknadane og vi er såleis noko seint ute i høve rapporteringa av dette tilskotet.

Vi ber om at tilskotet på kr 50 000 vert utbetalt til vår konto 3775.07.06631 og merka 'Handbokprosjektet 2014'. Vedlagt følgjer eit budsjettrekneskap.

Prosjektet, som f.o.m. 2014 vart omdøpt til Nettbasert Hjorteforvaltningsverktøy, er godt i gang og har gjennomført aktivitetar i forhold til revidert prosjektplan. Dette vil sei at første prosjektmøta er gjennomført og modulen om Arealbrukskonflikter vart ferdigstilt i løpet av 2014 og publisert på våre heimesider [her](#). I tillegg vart arbeidet med modulen Kommunale målsetnader starta opp i 2014. Denne modulen er no og ferdig og publisert.

Vi vil takka for tilskotet og for godt samarbeid.

Beste helsing
Magnus Frøyen

Prosjektleiar Handbokprosjektet og ansvarleg for Hjorteforvaltning v/
Norsk Hjortesenter

Vedlegg: Prosjektrekneskap for 2014